

# KIRKEBLAD

FOR

## DAVIK

Nr. 47

Utkommer hver måned

August 1934

Utgiver og redaktør:  
Sogneprest Slaattelid  
Davik

5. årg.

### Bønn ved lesning i Bibelen.

Evige, barmhjertige Gud, vår Herres Jesu Kristi fader! Gi mig ved din Helligånd den nåde at jeg flittig og på rette måte må lese i Bibelen, din helige skrift, så jeg der må søke og finne Kristus, min frelser, og ved ham nå frem til himmelen og det evige liv. Hjelp mig til det, o Gud, ved din nåde for Jesu skyld. Amen.

#### Kristen von.

Gud, gjev oss å nå til ei ljosare verd!

For livet på jordi forgjengelig er.

Det liknast i ordet

med gras ut på jordet

og blomar som blømer so vent på ein voll:  
dei veks og dei visnar og vert so til mold.

So snart me er burte og stolen vår tom,

kjem andre i staden og sit i vårt rom.

Når jordi oss gøymer,

dei staden vår gløymer.

Men Gud kan 'kje gløyma dei born han

hev kjær,

han sankar dei kring seg og heim til seg ber.

Vårt hjarta fekk her mangt eit blødande sår,  
og ari dei verkte frå år og til år.

Men Gud som gjev åri,

han lækjer og sári.

A Jesus, ditt hjarta laut bresta for meg,

so tak då mitt hjarta for evig til deg!

Biskop Støylen i »Kirke og Kultur«.

#### Frelsen ved korset.

Ordet om korset er vel en dårskap for dem som går fortapt, men for oss som blir frelst er det en Guds kraft.

1. Kor. 1, 18.

Det mørknet mot aften oppe i Alpene. Vinden var ved å øke til storm og sneen falt både over fjellene og over det lille selskap av fjellvandrere som søkte frem mot

det for dagen satte mål. Men motet var ved å svikte. Om sneen tok til og det blev storm, hvad da? Hvorledes finne vei? De var bundne til hverandre med et solid taug, og det hadde vært til stor nytte under opstigningen; men blev de overmannet av været, da vilde det jo kun dømme dem til å dø sammen. De stirret ut i det svinnende dagslys. Hvorhen?

Da ropte føreren plutselig et glad »hallo«. Han hadde fått øie på et kors. Det er reist på et meget farlig sted; men forbi det, på veien ved dets fot, går man trygt til en jegerhytte, hvor der er mat og hvile.

Denne oplevelse i fjellene preker nu for oss. Vi er i verdens villsomme egn, bundne til hverandre med mange bånd som både kan være til hjelp på veien og kan hjelpe å dra ned i avgrunnen. Man synes enda det går så lenge det er dag; men dagen går til ende for oss alle. Det blir tussmørketimer og det blir natt. Der kommer livets stormer som vi må bøie oss for. Og vi er ikke flinke til å finne den rette vei, for vårt sinn er formørket av synder, og vi ser ikke langt. —

Men korset, Jesu velsignede kors, er reist ved vår livsvei! Det står der hvor vi og hele slekten vilde styrte i avgrunnen; men Guds sønn tok vår byrde på sig, korset blev ved ham forsoningens høialter, og nu er det forbi. Jesu kors en frelsesvei tilgjengelig for hvert menneske som vil gå den i tro og tillit til ham, der døde for våre synder og opstod til vår rettferdiggjørelse. Således er korset og ordet om korset som er en dårskap for dem som fortapes, blitt en Guds kraft til frelse for dem som tror.

Så høi da ditt hjerte ved hans kors og si din synd til Jesus. Legg så din hånd i hans frelserhånd, og han leder dig til hvi-

len i sitt rike. Der er trygghet, der er man berget. Gud være lov og takk for denne underfulle frelse!

Fra »B. og H.

### Gudstenesta.

#### 2. Fyrr gudstenesta.

Det har tidlegare vore skrive i Kirkebladet um kor viktig det er å koma til gudstenesta i god tid fyrråt. Ein bør alltid prøva å koma presis. Og so bør ein gå inn i kyrkja ei stund fyrr tenesta tek til, og ikkje akkurat med det same dei ringjer siste gongen. Kvifor det? Ikkje for å sitja og prata eller kviskra med sidemannen um dette eller hint! Då var det betre at ein var ute. Nei, men for å samla si sjel i bøn og tanken på Gud, for liksom å koma burt frå det verdslege, for å få den rette ro og stille i hugen. Dette har mykje å seia dersom ein skal få godt av Guds ord og det andre i gudstenesta. Eg vil be alle tenkja på dette. Eg er viss på det er mange som har prøvt kor godt det er soleis å verta »stille for Herren« fyrr tenesta byrjar. Men då må det og vera stillt i kyrkja. Ikkje prat og uro, som forstyrar og spreider tankane; men stillt, høgtidsamt og fredfullt skal det vera i Guds hus. Dette er noko som alle bør hugsa på, ikkje berre under, men og fyrr gudstenesta; ikkje minst klokkarar, medhjelparar og kyrkjetenarar må leggja vekt på dette.

Ein bør og koma presis for å kunne vera med i heile gudstenesta. Det er ikkje rett å tenkja som so, at når ein berre høyrer preika, so er alt bra. Preika er ikkje heile gudstenesta; den er berre ein del. Alt det andre: bøn, syndsvedkjening, truesvedkjening, lovprisning, lesing av Guds ord, salmesang, sakramenti — alt dette er like viktig som preika og bør aldri forsømast. Det er vel ikkje so sjeldan at ein får meir oppbyggjing av ein salme eller ei bøn, enn av preika. — Dersom ein kjem for seint, vil ein og forstyrar dei andre. Alt uturvande trakk, all uro, alt som kan draga eins eigne og dei andre sine tankar burt frå innhaldet i gudstenesta skal ein prøva å passe seg for.

Altso: Ein skal gjera det til ein fast regel: *Prøv alltid å møta fram i god tid.* Og dernæst: *Lat det vera stillt i kyrkja fyrr og under gudstenesta.*

### Innsende stykke.

#### 1. Firti år.

I år er det 40 år sidan det kristelige ungdomslaget i Nordstrand krins vart skipa. I ei liti bygd må ein seia det er bra gjort å halda liv i eit slikt lag so lenge, og vi har grunn til å takka dei som stod fyrr skipingi av det og dei som gjenom åri har holdt det uppe. Det er ein 40—50 år sidan at dei tok til å skipa slike lag kringum i bygdene. Dåverande lærar L. Eldevik såg at dette var noko som trongst her og, og so kom laget i gong um hausten 1894. Frå fyrst av var det ikkje innmeldt i nokon landsorganisasjon, men stod fritt. I 1906 gjekk det inn i Norges kristelige ungdomsforbund. Arbeidet i laget har sjølvstøtt gått so upp og ned alt ettersom kreftene og interessa var til. Sume tider har pulsen vore so veik, at ein måtte venta døden kvar augneblinken. Andre tider har det vore friskt og sterkt liv med mange og ihuga lagslemer. Sikkert er det at laget har vore til stort gagn for bygdi på mange måtar. Det har vore med og fyrebudd den vekking som i det siste har vitja oss. Laget har frå det fyrste spart ihop til ei boksamling som no er på ikr. 400 band. Det er med og forvaltar eit legat på 2 000 kr., gjeve av Ole Brunsvik til hjelp for ungdommar som vil på ungdomsskule, bibelskule eller liknande.

Vi vil vona at ungdomslaget enno i lang tid må koma til å gjera sitt arbeid i bygdi vår til gagn og til hjelp for den ungdom som veks til. Vi burde alle gjera vårt for å halda laget uppe. Ikkje noko arbeid er viktigare enn arbeidet for dei unge; for ungdomen er framtidi.

A.

#### 2. Mot målet.

Gud er kjærlighet. Og vi mennesker skal som kristne bli like Gud. Vi må bli fylt av Gud, av kjærlighet. Det mål ligger høit, svimlende høit — å bli virksom i kjærlighet. Og dog, det er det eneste mål vi som kristne har lov til å sette oss. »Ti Gud kallte oss ikke til urenhet, men til helliggjørelse.« (1. Tes. 4, 17). Forsakelsens hemmelighet er en tung og smertefull lære og dens veie usporlige for andre enn den som selv har målet for øie. Derfor sætter også Jesus det store bud inn i menneskelivet, at vi skal

elske hverandre og hjelpe hverandre. — Men dessverre, en blir så ofte fristet til å spørre: Hvor blir det av denne kristenlivets frukt: troskap, fred, brodersinn og kjærlighet? Hvor blir der av denne dypeste av all åndelig innsikt og visdom: »Likesom jeg har elsket eder, så skal og I elske hverandre.» (Joh. 13, 34). Intet kan vel være mere nedstemmende for det unge sökende troesliv enn dette å bli møtt med kulde og likegyldighet, mistillit og tvil, forjaget hast og selvoptatthet, ja selv ondskap ofte. Da hender det at en klamkold hånd legger sig om hjerteroten og en hånende stemme sier: Var det du som trodde på Gud, på kjærlighetens uinnskrenkede makt?

Sannelig, vi har grunn til å ransake oss selv, alle vi som vil være kristne. B.

†  
**Våre døde.**

7. juni: Alf Magne Førde, Liset; f. 1934, medfødd veikskap.  
8. juli: Kari Jørgensdtr. Berle; ugift; f. 1851; alderdom.  
16. juli: Pernille Johansdtr. Bortne, Rugsund; ugift; f. 1866 i Hornindal; magekreft.

Eg er ein gjest på jordi. Salme 119, 19.

**Notisar.**

**Til sjukerøktlaget** er innkomne: Offer i Davik kr. 69.03; offer i Totland 44.20. Basarar: Rugsund 103.77; Torheimsetra 158.05. Medlemspeningar: Endal 15, Davik 55, Hunskaar 9, Rugsund 12. Maiblomar: Elde 3, Torheim 5, Levdal 4, Husevåg 10, Tytingvåg 3, Rugsund 10, Davik 10, Gangsøy 3, Berle 8, Haus 5, Hennøy 5, Hunskaar 5, Dombestein 4, Endal 3. Kronerullingi 53. Merke: Davik 2.

**Ofring i Davik** til sjømannsmisjonen 8. juli under gudsteneste ved biskop Støylen: 94 kr.

**Basarar:** Elde, 22. mai, kr. 90.50; derav 60 kr. til Santalmisjonen, resten til Indre sjømannsmisjon. — Levdal 1. juli til heidningmisjonen 84.20.

**Skulestyret** har til lærar i Haus—Reksnes sett Martin Eikås; han er fødd 1899, tok lærareksamen (tilleggsprøve) i 1923 og har sidan 1927 vore lærar i Oldeide—Gangsøy—Tytingvåg. I Leirgulen—Elde vart tilsett Ingvald Leite; han er fødd 1906, tok eksamen 1926, har vikariera på ymse stader i heradet i tilsaman 4 år.

**Bispevisitas** skal det vera i Davik frå 11. til 14. september. Tysdag 11. september kl. 11 skal det vera gudsteneste i Rugsund og onsdag 12. sept. kl. 11 i Aalfot. Torsdag kl. 11 vert det barnegudsteneste i Davik og deretter møte for lærarar og foreldre. Fredag kl. 11 er det visitasgudsteneste i Davik med samtale med konfirmantane og andre unge og so visitasmøte. — Til barnegudstenesta vert innbedne alle skulepliktige born

i heradet. Lærarane har rett til full løn den dagen når dei møter fram med skuleborni sine. Til møtet etter barnegudstenesta vert innbedne alle lærarane og likeeins dei som arbeider i sundagsskulen. Foreldre og andre kan vera med på møtet. Lærarane kan bera fram det dei har på hjarta um kristendomsopplæring og barneoppveiding. — Til samtalen med ungdomen under visitasgudstenesta vert konfirmantane innkalla — dei er also pliktige å møta fram — og ungdomen elles vert innbeden. Det vilde vera hyggjeleg um mykje konfirmera ungdom og var med. Til visitasårsmøtet vert innkalla medhjelparar, kyrkjeverjer og medlemene av soknerådi; desse har plikt på seg å vera tilstades. Innbedne til møtet vert medlemene av heradstyre, skulestyre og verjeråd, lærarane, dei som driv med sundagsskule, styri for ungdomslag, misjonsforeiningar, avhaldsforeiningar. Elles er det tilgjenge for alle vaksne.

**For 100 år sidan.** Døde: 7. aug. 1834 Bent Olsen Nyegaard, 25 år. 11. aug. Ole Pedersen Lillehaug, 20 år. 28. aug. Anders Hansen Bortne, bestyrer av en gård, 40 år.

**Kvittering for kontingent.** A. Lem, Isak Berle, Niels Nyborg, Lars Torheim, Johan Torheim, Mrs. Edward Swanson (Canada), Martinus M. Reksnes, Rasmus P. Daviknes, Martinus K. Elde, B. Torheim 3 kr. — J. B., Jakob Gillesdal, Kristen Askeland 5. — Josef Elde, Kristianne Bakke, Berge Rise 2.50. — Jakob Hagen, Sakarias Hestevik, Sivert Hestevik, Ole T. Torheim, Anders R. Bortneskår, Matias Bortne, Alvin Rylandsholm, Matias Hennøy, R. Vingelven, Ingvald Haugland 2. — Aletta Hundvik 1. — Andreas A. Vik 6. A. Maurstad (Bergen) 5.00.

Hjarteleg takk til alle.

**Gudstenester og sundagspreiker.**

12. sund. etter treein., 19. aug.: Totland og Berle.  
13. sund. etter treein., 26. aug.: Davik og Hamnen.  
14. sund. etter treein., 2. sept.: Rugsund og Kjølstd.  
15. sund. etter treein., 9. sept.: Aalfot og Dombest.  
16. sund. etter treein., 16. sept.: Totland og Berle.

**Fra Claus Frimanns salmer.**

**1. søndag i advent.**

Mel.: Av høiheten oprunden er.

Kom sku min sjel og glad tilbed!

Gud sendte sin enbårne ned!

Kom med ditt Ære være,

å møte denne kommende,

den høie nådens salvede,  
den herlighetens herre.

Kom lad oss glad

alle sjunge: Sions konge,

evig være dig all lov, all guddoms ærel!

Med takk, min Gud, for hvert et fjed

du gikk for mig, jeg kneler ned;

dem alle jeg velsigner.

Men når min tanke nærmer sig

den vei, til korset fører dig,

o hvor jeg da velsigner

den vei hvor jeg  
ved hver tanke kan opsanke  
trøst og gleder, sjeletrøst og sanne gleder.

Guds salvede, Immanuel,  
du over min nedbøied' sjel  
ditt nådespir utrekke.

Bevar den tro jeg sverger dig.

Fra dig i verden intet mig  
skal lokke eller skrekke.

Kall mig, jeg dig

følger efter. Giv kun krefter,

jeg vil stride, jeg med dig vil alting lide.

### Hvad mener du om Kristus?

På en spasertur under fangenskapet på St. Helena spurte keiser Napoleon den store sin ledsager grev Moutholon ganske uventet: »Hvad mener De om Kristus?« Han var ikke forberedt på spørsmålet og svarte: »Jeg må bekjenne at jeg ikke har gjort mig op nogen mening om det.« »Så meget verre for Dem«, sa keiseren. Og så sa han videre: »Han er den eneste, virkelig den eneste som efter sin død er mere levende og mektigere enn han var det i sitt liv her på jorden. Tiden som forandrer alt har ikke alene bevaret, men endog forstørret Jesu Kristi verk. Næsten overalt blir hans ord preket, og han blir elsket og tilbedt. Hvilket dødt menneske gjør ennu erobringer, fordi hans soldater ennu med glede drar i krig og seirer for ham? Jeg lever ennu, og allikevel har mine tropper glemt mig. Alexander, Cæsar, Karl den store, jeg selv, vi har grunnet mektige riker. Men hvorpå støttet vi vår makt? På våpenmakt. Jesus Kristus har grunnet sitt rike på kjærlighet, og ennu i denne time vilde tusener av mennesker med glede gi sitt liv for ham. Han er en erobrer, som knytter til sig ikke bare et folk, men hele menneskeheten. Den menneskelige sjel føler sig bundet til Jesus Kristus. Han krever menneskenes kjærlighet — det som er aller vanskeligst å forlange. Han vil ha hjertet, det er alt hvad han krever, og han får det. Derigjennem blir hans guddommelige vesen klart for mig. Alexander, Cæsar, Hannibal og andre verdenserobrere har vel ved sitt geni betvunget verden, men ikke vunnet nogen sann venn. Alle som alvorlig tror på ham, føler denne overnaturlige kjærlighet. De elsker en som de aldri har sett. Dette er en kjensgjerning som ingen menneskelig kraft

kan nå, og dog er det skjedd. Jeg blir mere og mere overbevist om Kristi guddom. Jeg kjenner menneskene, og jeg sier Dem, at Jesus Kristus ikke bare var et menneske.«

### En synd.

Prost A. Halvorsen forteller: En av mine venner, en helhjertet kristen, fortalte mig om en »fillesynd« han blev fristet til og falt i. Han kom en dag inn på butikken til en av sine bekjente og stod der ved disken og samtalte med ham en stund. Der stod et glass med drops på disken, og da kjøpmannen et øieblikk gikk inn på kontoret, »fløi« fristelsen inn på mig til å ta nogen drops. Og han gjorde det, grep en håndfull og stakk i lommen. Han stjal dem. Kort etter sa han farvel til kjøbmannen og gikk. Men han var ikke gått mange skritt henover gaten før han våknet. Guds ånd tuktet ham slik i samvittigheten, at han følte sig syk og matt i hele legemet. Han hadde begått et tyveri! Han tok jo dropsene i den bevisste tanke at ingen skulde se det. Han bad, der han gikk, Gud om tilgivelse, men han følte det også slik, at han måtte gå tilbake til butikken, bekjenne sin synd og betale for det han hadde tatt. Han vendte om og gikk tilbake. Det blev den tungeste gang han hadde hatt. Han var en meget velsiående mann, ansett i sin bygd, viseordfører, en som alle hadde tillit til. Men han måtte lyde sin hamrende samvittighet. På butikken gikk han like bort til kjøbmannen, bekjente sitt tyveri og leverte rikelig betaling. Denne lo høit og kalte ham en »tosk«. »Du kunde jo ta så meget drops du vilde, kan du vel skjøne!« — »Ja«, svarte min venn, »det vet jeg, men jeg gjorde det som en tyv.« Og pengene tvang han inn på kjøbmannen som leende skjøv dem fra sig. Da var det som denne med ett fikk en annen forståelse av det. Han skjønte det var den annens livssak det gjaldt. Og han blev ganske alvorlig da han sa: »Ja ja, når du har det slik, så skal det være dig tilgitt, og jeg skal ta imot pengene.« — Og min venn gikk, til det ytterste ydmyket, og dog med fred, ut av butikken. »Kan De skjøne,« sa han, da han hadde fortalt mig dette, »hvorledes en kan komme til å begå en slik »fillesynd«? »Satan krevet å få eder i sin vold for å sikte eder som hvete.« Luk. 22, 31.